



Arkiv: FE-232
Journalpost ID: 26/41774
Sakshandsamar: Sithara Mahaboob
Dato: 22.06.2026

Saksframlegg

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Vestland fylkeskommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad frå Vestland fylkeskommune om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 (Florø idrettssenter) i Kinn kommune blir avslått, jf. eigedomsskattelova § 7.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har søkt om fritak frå eigedomsskatt for eigedom gbnr. 28/968 i Kinn kommune. Eigedomen er i dag ilagt eigedomsskatt etter kommunen sine gjeldande vedtak om utskrivning av eigedomsskatt.

Eigedomen er nytta til vidaregåande opplæring, som er ei lovpålagd oppgåve for fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Kinn kommune skriv ut eigedomsskatt på faste eigedomar i delar av kommunen i samsvar med eigedomsskattelova og kommunale vedtak.

Eigedom gbnr. 28/968 er eigd av Vestland fylkeskommune og blir nytta til vidaregåande skuleverksemd.

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunale skular kan eventuelt fritakast av kommunestyret etter eigedomsskattelova § 7a, eigedomar åt institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Vurderingar:

Eigedomsskattelova § 7 a er ei kan-føresegn som gir kommunestyret høve til å fritta eigedomar som tilhøyrrer institusjonar som tek sikte på å gagne kommune, fylke eller stat. Det ligg ikkje føre nokon rettsleg plikt til å gi fritak.

Vidaregåande skular er ein del av fylkeskommunen si lovpålagde tenesteproduksjon og blir finansierte gjennom offentlege overføringar. Eigedomsskatt på slike eigedomar må reknast som ein ordinær del av kommunen sine inntekter basert på eigedomar innanfor kommunen sitt geografiske område.

Det ligg ikkje føre særlege lokale omsyn som tilseier at eigedom gbnr. 28/968 skal behandlast annleis enn andre skattepliktige eigedomar i kommunen.

Praksis i norske kommunar er ulik, og det finst ikkje ei nasjonal norm som tilseier at fylkeskommunale skular skal fritakast frå eigedomsskatt. Vurderinga etter § 7 a er eit kommunalt skjønn der omsynet til kommunen si økonomi og behov for stabile inntekter må vektleggjast.

Eit eventuelt fritak vil innebere eit direkte og varig bortfall av skatteinntekter for kommunen, utan kompensasjon frå fylkeskommunen.

På denne bakgrunn vurderer kommunedirektøren at søknaden ikkje bør takast til følge.

Økonomiske konsekvensar:

Eit fritak vil medføre redusert eigedomsskatteinntekt for Kinn kommune knytt til gbnr. 28/968. Årleg eigedomsskatt for eigedomen er kr 439 560, basert på ein promillesats på 5. Dette vil vere eit direkte og varig inntektsbortfall for kommunen så lenge eit eventuelt fritak gjeld.

Avslag på søknaden medfører inga endring i kommunen sine inntekter.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) §§ 3 og 7a
Kommunestyret sitt vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Kinn kommune
Forvaltningspraksis knytt til kommunalt skjønn etter eigedomsskattelova § a